



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Gjesdal kraftverk AS
c/o Kjartan Håland
6847 VASSENDEN

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Vår dato: **25 JUN 2009**
Vår ref.: NVE 200900906-7 rv/ias
Arkiv: 312/084.E1
Dykkar dato: 18.02.2009
Dykkar ref.: Kjartan Håland

Sakshandsamar:
Katarina Eftevand
57 83 36 74

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Gjesdal kraftverk AS - Gjesdal II minikraftverk, Jølster kommune, Sogn og Fjordane fylke – løyve til utbygging

Vi viser til meldinga/søknaden Dykkar av 18.02.2009 om løyve til å utbygging av Gjesdal II minikraftverk. Vi viser vidare til løyvet for Gjesdal kraftverk (Gjesdal I) av 25. mars 2008.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve i medhald av § 8 i vassressurslova til bygging av Gjesdal II kraftverk i Jølster kommune med tilhøyrande vilkår. Vilkåra er samordna med løyvet for Gjesdal I.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagte KI - notat 59/2009 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknadene til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Detaljplanane i samsvar med vilkår nr. 4 og forslag til klassifisering av vassdragsanlegga med omsyn til tryggleik, basert på brotkonsekvens, skal sendast NVE sitt regionkontor i Førde for godkjenning av NVE i samband med planlegginga. Vi minner om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

NVE sin sakshandsamar ved godkjenning av detaljplanar for miljø/landskap er Ole Per Schei og for klassifisering av dam/rør Ove Møll. Vi viser elles til NVE sin rettleiar 1/2008 "Veileder for planlegging, bygging og drift av små vassdragsanlegg med konsesjon" som finst på www.nve.no/konsesjon. Vi minner om at det ikkje kan setjast i gong noko anleggsarbeid før detaljplanane for ovannemnde fagområde er godkjende av NVE


Vi strekar under at løyvet etter vassressurslova gjeld sjølve vassdragstiltaket og tilhøvet dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje oreigningsløyve slik at tiltakshavar sjølv har ansvar for å avklare dei privatrettslige tilhøva til dei andre som har rettar i området

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Når kraftverket vert sett i drift, skal skjema for melding om idriftsetting fyllast ut og sendast NVE. Skjemaet er tilgjengeleg på NVE sine internettsider.

Vi gjer og merksam på at i reglar utarbeid av Toll- og avgiftsdirektoratet gjeld at den som ynskjer å starte kraftproduksjon skal minst ein månad oppstart| registrere verksemda i det tolldistrikt der verksemda har sin forretningsstad. Registreringsplikta gjelder for kraftproduksjon i aggregat med generator som har ei merkeyting på 100 kVA eller meir. All kraft produsert i slike anlegg er avgiftspliktig. Meir informasjon er å finne på internettadressa: "www.toll.no", eller ein kan vende seg til næraste tollstad.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Ivar Sægrov
seniorrådgivar

Vedlegg: Løyve til å bygge og drifte kraftverka Gjesdal I og II
KI-notat nr. 59/2009 - Bakgrunn for vedtak

Kopi m. vedlegg: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Jølster kommune, 6843 Skei i Jølster
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Regionalavd, Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 Førde